

**Notat**Dato: 28.02.2017  
Arkivsak: 2017/465-6  
Saksbehandlar: endnils

---

**Til:** Tale Halsør  

---

**Frå:** Endre Sten Nilsen  

---

**Kulturminnefaglig innspel - Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for kraftverk og flømtunnel – Opo – Odda kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Bakgrunn for tiltaket er som følge av stor flaumen i 2014, som gjorde store materielle skader i Odda og i områda kring Sandvinvatnet. Odda kommune og Sunnhordland kraftlag AS har inngått ein formell samarbeidsavtale som skal sikre eit heilskaplig forslag til flaumsikring. Oповassdraget ligger i eit område der klimaframskrivingane er venta å gje stor auke i flommene mot 2100 og det er derfor naudsynt å gjere sikringstiltak. Sikringa består av ein flaumtunell vest for Odda sentrum og ein terskel i Sandvinvatnet. Som følge av tiltaket vil ein også bygge eit kraftverk i fjellet, med tilkomst frå Odda sentrum.

Dersom tiltaket kjem i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak. Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før ein plan vert lagt fram til høyring.

I forslag til konsekvensutgreiingsprogram er det lagt opp til eigne fagutreiingar kor kulturminne og kulturmiljø er eit av tema. I meldinga punkt 10.8 som omhandlar Kulturminne og kulturmiljø står det: «*Indre Sjørfjord er i nasjonal kulturhistorisk samanheng omtalt som eit framstående døme på heilskaplig industrilandskap*». Vidare viser ein til at Odda er oppført på den tentative lista til UNESCOs verdensarvliste og Riksantikvarens NB! register. Odda smelteverk som er freda og kulturmiljøet som må takst vare på er også omtalt. Det er viktig at konsekvensutgreiinga også tar for seg dei lokale kulturminna. Vi ber om at Odda kommune sin *Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017 – 2022* vert nytta i det vidare arbeidet.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i prosessen når det gjeld omsynet til tema kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiinga.